

OS KOMMUNE
Postboks 84

5202 OS
Norge

Dykkar ref.:

Vår ref.

Dato:

Sak/dok.: 06/01952-35

23.01.2018

Ark.: 326.12

Oppstart av namnesak 2018/49 – Haljem/Halgjem/Halhjem i Os kommune

Kartverket reiser namnesak for namnet Haljem/Halgjem/Halhjem. Namnesaka vert reist for å få avklart rett skrivemåte i offentleg bruk.

Kartverket sender med dette saka ut på lokal høyring i kommunen, jf. § 6 i lov om stadnamn.

Saka gjeld fylgjande namn:

- *Haljem/Halgjem/Halhjem* (gard 44)
- *Haljem* (bruk 44/1, 2, 3, 4, 5, 6, 48, 50, 58, 59, 60, 72, 73, 80, 103, 106, 107, 109, 110, 111, 135, 159, 238, 239, 240, 241, 244, 245, 246, 247, 248, 249, 251, 256, 257, 258, 259, 260, 261 og 263)
- *Halhjem* (bruk 44/147, 153, 165, 232, 233, 235, 236 og 237)
- *Halgjemssjøen* (fjord)
- *Haljemsøya* (øy i sjø)
- *Halgjemsosen* (sund i sjø)
- *Halhjemsmarkjo/Halhjemsmarka* (utmark)
- *Halhjem/Haljemsbrua* (bru)
- *Halhjem ferjekai* (ferjekai)
- *Haljem/Halhjem* (tettbygd) – kommunen er vedtaksmynde
- *Halhjem* barneskule (skole) – kommunen er vedtaksmynde
- *Halhjem* (grunnkrins)

For meir informasjon om namna, sjå innsynsløysinga vår for Sentralt stadnamnregister (SSR): www.norgeskart.no/ssr. Somme bruksnamn står berre i matrikkelen.

Lokal høyring

Det er Kartverket som har vedtaksrett for skrivemåten av tradisjonelle gards- og bruksnamn og for naturnamn. Før det vert gjort vedtak, har kommunen rett til å uttala seg. Eigarar og festarar har rett til å uttala seg om gardsnamn og bruksnamn, og lokale organisasjonar har rett til å uttala seg om skrivemåten av namn som dei har serleg tilknytning til. Vedtak for gardsnamn er etter hovudregelen retningsgjevande for skrivemåten av bruksnamn som er identiske med gardsnamnet, og for bruksnamn der gardsnamnet inngår som en del av namnet, jf. § 8 i lov om stadnamn. **Saker som gjeld bruksnamn, skal eigaren eller festaren få tilsende direkte av kommunen.** Det går fram i lista ovanfor kva bruk dette dreiar seg om.

Bruksnamn

Etter lov om stadnamn har grunneigaren rett til å fastsetja skrivemåten av namn på eige bruk dersom han/ho kan dokumentera at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn (på offentleg kart, på skilt, i matrikkelen, skøyte e.l.), jf. § 6 andre ledd i lov om stadnamn. Det er framleis Kartverket som formelt vedtek skrivemåten, men dersom grunneigaren ynskjer ein annan skrivemåte enn den Kartverket vedtek for det objektet namnet opphavleg vart brukt om, kan han/ho senda krav om det til Kartverket og leggja ved slik dokumentasjon.

Normeringsprinsipp og saksgang

Etter § 4 i lov om stadnamn er hovudregelen å ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen og fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp ved normering av stadnamn. I rettleiinga til forskrift om skrivemåten av stadnamn er det meir detaljerte føresegner om korleis stadnamn skal normerast.

Skrivemåten i primærfunksjonen skal normalt vera retningsgjevande for skrivemåten av det same namnet i andre funksjonar, t.d. for adressenamn som er like eller avleidde av namnet, jf. § 4 andre ledd. Kommunen må difor setja ev. pågåande saker som gjeld avleidde adressenamn og adrestitilleggsnamn som kan påverkast av denne saka på vent til det er gjort vedtak om skrivemåten av primærnamna, og ta omsyn til den vedtekne skrivemåten av primærnamnet når dei skal gjera vedtak om avleidde namn.

Det er kommunen som har ansvaret for å kunngjera at namnesaka er reist, og for å innhenta og samordna dei lokale høyringsfråsegnene. Dei skal sendast til *Stadnamntenesta på Vestlandet, Språkrådet, Postboks 8107 Dep, 0032 Oslo* (post@sprakradet.no), med kopi til Kartverket. Stadnamntenesta vil so gje endeleg tilråding til Kartverket. Ordinær høyringsfrist for kommunen er 2 månader frå dei får dette brevet.

Venleg helsing

Linn Winnæss-Karlsen
sakshandsamar stadnamn

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi Fjord 1 AS
 Stadnamntenesta på Vestlandet
 STATENS VEGVESEN REGION VEST BERGEN KONTORSTED